



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato  
28.04.2016  
Dykkar dato  
22.12.2015

Vår referanse  
2014/6530 421.3  
Dykkar referanse  
13/374

Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

### **Samordna uttale med motsegn - offentlig ettersyn - Eidfjord - Sysendalen - kommunedelplan**

Formannskapet i Eidfjord vedtok i møte 21.12.2015, sak 15/166, å legge framlegg til kommunedelplan for Sysendalen ut til offentlig ettersyn. Høyringsfristen var sett til 10.02. 2016. Fristen er seinare utsett til etter synfaring. Etter at denne var gjennomført, har Eidfjord kommune ønska dialogmøte om saka, med tilhøyrande utsett frist.

#### **Bakgrunn**

Føremålet med planarbeidet er tredelt:

- Utvikling av alpindestinasjon
- Formalisere vedteken sti- og løypeplan
- Endring av føremål fritidshus til bustad

Det er gjennomført planprogram og konsekvensutgreiing i samsvar med lovkrava i plan- og bygningslova (pbl) §§ 4-1 og 4-2.

#### **Fylkesmannen si vurdering av planen**

Sysendalen er eit særskilt viktig område for friluftsliv, fritidsbustader og har store naturverdiar. Fylkesmannen er difor positiv til at det er utarbeidd ein overordna kommunedelplan som tydeleggjer hovudprinsippa som skal leggjast til grunn for planlegginga. Det er eit mål for regjeringa å stimulere til langsiktig og heilskapleg planlegging av fritidsbusetnad i samsvar med nasjonale og regionale samfunns- og miljømål.

Vi registrerer at arealbruken frå gjeldande plan i stor grad er vidareført i planframlegget. Løypeplanen som vert lagt inn i kommunedelplanen er vedteken frå før. Områda der det vert opna for kombinert bustad/fritidsbustad-føremål ligg i stor grad i tidlegare godkjente utbyggingsområde. Den store arealendringa er at planen legg til rette for utvikling av alpindestinasjonen «Eidfjord resort». Det vert opplyst at ved full utbygging, vil det nye anlegget ha kapasitet til om lag 3000 skituristar per dag.

Den siste tida har Eidfjord kommune vedteke fleire større reguleringsplanar i Sysendalen, i forkant av kommunedelplanen som skal gje prinsippa for utbygginga. Fylkesmannen har gjennom desse planprosessane åtvara mot denne uheldige rekkefølgja i planlegginga. Resultatet har vorte at planframlegget stort sett utgjer summen av godkjente reguleringsplanar i tillegg til vidareføring av gjeldande kommunedelplan. Planframlegget framstår difor i stor

grad som ein plan for utvikling av alpindestinasjonen Eidfjord resort. Fylkesmannen sine merknader til kommunedelplanen er difor i hovudsak knytte til planlegginga av resortområdet. Vi har ikkje innvendingar mot sti- og løypeplanen, eller at planframlegget opnar for kombinerte føremål for fritidsbustad/bustad i nokre område inntil Rv 7.

Planomtalen legg rapporten «*Klima i Norge 2100 med RCP8.5 scenarioet*» til grunn som eit viktig omsyn for planarbeidet. Dette scenarioet syner at Sysendalen vil få ein auke i årsmiddeltemperaturen på 3,9° C i normalperioden 1970-2000 når ein legg til grunn medianverdien. Temperaturen vil auke mest på vinteren. Total nedbørsmengde vil auke med 17 %. Talet på dagar med snødekke vil gå ned med mellom 90 og 120 dagar.

Gitt desse framtidsprognosane, tek Fylkesmannen som utgangspunkt at det må påreknast stor tilrettelegging av løyper basert på kunstig tilførsle av snø. Det må då vurderast nøye korleis ei så omfattande utbygging, i område med særst høge miljø- og landskapsverdiar, kan forsvarast i høve til føremålsparagrafen i pbl. § 1-1 første ledd:

*Lova skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.*

I uttalen til oppstart av planarbeidet av 12.08.2014 gjorde Fylkesmannen det klart at eventuelle nye utbyggingsområde måtte bygge på kunnskap og avklarast gjennom ei grundig konsekvensutgreiing (KU). Utdrag frå samandraget av KU-en i planomtalen s. 1:

*«Løypeområdet og topp-punkt for gondolstasjon ligg delvis inn i villreinområde i Regional plan for Hardangervidda, det gjev tap av INON-område og har nærføring til nasjonalparken på Hardangervidda. Alpinanlegget legg til rette for ei vesentleg auke av aktiviteten i området. Det vert ei auke i transport, med utlepp og støy knytt til transport. Vidare vil auke i aktivitet og drift av alpindestinasjonen generere støy. Samla sett er ny alpindestinasjon vurdert å ha middels negativ konsekvens for miljøet. Anlegget vil vera positivt for utviklinga for Eidfjord kommune i høve arbeidsplassar og ringverknadar for lokale bedrifter.»*


Konsekvensutgreiinga har gjeve naturmangfaldet i alpinanlegget høgaste verdi. Planlagde tiltak er vidare vurderte til å få særst negative konsekvensar for dette naturmangfaldet. At ny alpindestinasjon samla sett er vurdert til å ha middels negativ konsekvens er fordi konsekvensane for friluftsliv og tilgjenge vert vurderte som særst positive. Fylkesmannen er kritisk til denne vurderinga, og meiner KU-en underkommuniserer at det ålmenne friluftslivet vert skadelidande. Viktige friluftsområde vert bygde ned og går tapt. Tilgjenge og tilrettelegging av anna type friluftsliv kan ikkje takast til inntekt for å bygge ned særst viktige friluftsområde. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv bør i staden bidra til å ivareta opplevingskvalitetar, føre til minst mogeleg miljøbelastning og ikkje føre til inngrep i naturmiljøet som ikkje er strengt naudsynte. Friluftslivet har også ein eigenverdi i seg sjølv. Alpinområdet er i konflikt med fleire turstiar inn mot Vivelid og Hardangervidda nasjonalpark.

I ROS-analysen er det gjort meir detaljerte risikovurderingar når det gjels funn i konsekvensutgreiinga, og det er skildra avbøtande tiltak. For hending 10 Naturmiljø/naturmangfald i alpinanlegget er det skissert følgjande avbøtande tiltak:

AVBØTANDE TILTAK	FORVENTA EFFEKT
<b>A1.</b> Legge grensa for alpinanlegget i kommunedelplanen slik at terrenget og høgdedraget vert nytta som ein naturleg buffer mot Hardangervidda.	Svært stor effekt
<b>A1.</b> Legg inn omsynssone for bevaring av naturmiljø i kommunedelplanen og innarbeide føringar i forhold til driftstid i føresegnene til omsynssona. Dette må og innarbeidast i føresegnene til detaljreguleringsplanen.	Svært stor effekt
<b>A1.</b> Avgrense arealet som er tilgjengeleg kring toppstasjonen. Utforming av dette skal gjerast som ein del av detaljreguleringsplanen.	Svært stor effekt
<b>A1.</b> Ved planlegging og plassering av løypene bør det takast omsyn til naturområda med lokal interesse	Svært stor effekt


Fylkesmannen meiner desse tiltaka ikkje kan karakteriserast som særleg avbøtande for naturmangfaldet, og at dei uansett ikkje går ut over generelle lovkrav, som t.d. pbl. §§ 11-1 andre ledd, 11-5 andre og tredje ledd og 11-8. Vi minner om at kommunen pliktar å vedta naudsynte føresegnar for område med uakseptabel risiko for å avverje skade og tap, jf. pbl. § 4-3.

Det er sett av 1020 dekar idrettsføremål (alpinanlegg) innafor areal registrert som nasjonalt villreinområde. I dette området er det ikkje opna for oppføring av nye fritidsbygg, jf. Regional plan for Hardangervidda § 3.2. I følgje den regionale planen skal tyngre utbygging av fritidsbusetnad og reiselivsutvikling leggast til område som allereie er tekne i bruk til føremålet. Bilete under syner at grense for villreinområde går gjennom alpinområdet. Same område er i konflikt med INON-område 1-3 km frå inngrep.



Figur 1: Utsnitt av ROS-analysen s. 36

Det lilla området er arealføremål for fritids- og turistføremål der alpinlandsbyen er planlagt. Det er i dag eit våtmarksområde med særst høge miljø- og landskapsverdiar (sjå kart under). Konsekvensutgreiinga syner at plassering av alpinlandsby i dette området vil få særst negative konsekvensar for naturmangfaldet. Område med dokumentert, svært høge miljø- og landskapsverdiar, vert likevel ikkje fanga opp av KU-en.



Figur 2: Kartutsnitt Fetalia - Garen- området - Verdifulle miljø og landskapsområde (Asplan Viak)

Figur 2 syner òg at Drøllstølsbekken er ein del av området med sær s høge miljø- og landskapsverdiar, som vil verte råka av eit ev. område for idrettsføremål. Det vert ikkje konsekvensutgreidd, men ROS-analysen vurderer naturmangfaldet kring Drøllstølsbekken til å ha lokal interesse. Det strir mot Fylkesmannen sine tidlegare vurderingar av området i «*Motsegn til bygging av Drøllstølsbekken kraftverk*» av 29.09.2015.

### Føresegner

Fylkesmannen meiner føresegnene stort sett balanserer bruk og vern av viste arealføremål. Vi har likevel nokre forslag og presiseringar.

Trafikkvurderinga som ligg til grunn rår til at det vert opparbeidd gang- og sykkelveg langs riksvegen i området Garen-Fet. ROS-analysen syner uakseptabel risiko for hending 29, *trafikkbelastning på eksisterande vegnett*. Avbøtande tiltak er at det bør etablerast gang- og sykkelveg i området. Fylkesmannen meiner dette strir mot krava til planlegging i PBL. § 3-1 første ledd bokstav h) om å førebygge risiko for tap av liv. Uakseptabel risiko skal følgjast opp med krav til førebygging i planføresegnene. Dersom ein skal bygge alpindestinasjon med kapasitet for 3000 daglege besøkande, meiner vi det ikkje er urimeleg å stille krav til opparbeiding av gang- og sykkelveg. Vi tilrår å innarbeide krav til opparbeiding av gang- og sykkelveg i rekkefølgjeføresegnene § 2-6.

Omsynet til barn og unge skal takast vare på i planlegging etter plan- og bygningslova, jf. pbl. § 1-1 femte ledd. Føresegn § 2-9 sikrar at rikspolitiske retningslinjer for barn og unge skal leggjast til grunn for planlegging og søknad om tiltak. Det kan likevel vere tenleg å presisere at det må settast av tilstrekkeleg med areal for barn og unge i føresegn § 2-10, *krav til uteopp-haldsareal*. Trongen for fellesareal og leikeområde er større i område med bustader enn i område med fritidsbustader. Det bør difor òg sikrast tilgjenge til leikeareal i føresegn § 3-2, *kombinert fritidsbustad/bustad*.

Føresegn § 3.6.3, *nye område for alpinanlegg*, sikrar m.a. vurdering av landskapstilpassing og rasfare i seinare detaljplanar. Fylkesmannen meiner også at naturmangfald er eit omsyn som må prioriterast ved detaljplanlegging av nye område for alpinanlegg.

Fylkesmannen har vesentlege merknader til planframlegget og ønskjer ein nærare dialog med Eidfjord kommune om følgjande punkt:

- Vi festar ikkje lit til KU-en som samla sett vurderer at ny alpindestinasjon får middels negative konsekvensar for miljøet.
- Vi kan heller ikkje sjå at dei avbøtande tiltaka for hendingar med uakseptabel risiko i ROS-analysen vil gagne naturmangfaldet i vesentleg grad.
- Planframlegget er fremja i strid mot føringane i regional plan for Hardangervidda, vedteken i tre fylkesting. Totalt sett finn vi at planframlegget er i vesentleg strid med nasjonale interesser for villrein, landskap, friluftsliv og naturmangfald.

### **Samordningsprosess – saksgang**

Fylkesmannen deltek som kjent i pågåande *Forsøk med samordning av statlege motsegner til kommunale areal-planar*. Føremålet med forsøket går fram av brev av 3.9.2013 frå Miljøverndepartementet. Målet er å få til ei meir effektiv og målretta handsaming av plansaker og eit betre samarbeid mellom kommunane og statlege styresmakter. Det er også eit mål at forsøket vil medverke til å styrke kvaliteten på dei kommunale arealplanane og gjere dei lettare å gjennomføre.

Statlege fagorgan sender i forsøksperioden sine uttaler, med motsegn, til Fylkesmannen. Fylkesmannen samordnar høringsuttalane i samråd med dei andre høyringsinstansane. Fylkesmannen skal vidare vurdere motsegner og merknader som er komne inn og gje ein samla uttale til kommunen. Fylkesmannen kan her avskjere ei motsegn, slik at denne ikkje blir fremja for kommunen, då etter nærare dialog med vedkomande styresmakt. Fylkesmannen skal elles i vurderinga si alltid ha fokus på motsegna sitt juridiske grunnlag (forankring, tidsfrist), samt på kva for viktige nasjonale / regionale omsyn som vert råka av planforslaget. I denne vurderinga må det òg leggjast vekt på det kommunale sjølvstyret.

Fylkesmennene kan i prosjektperioden sjølv finne praktiske løysingar for samordna uttale. I Hordaland har det blitt løyst ved at det, innan utløp av høyringsfristen, om naudsynt vert halde eit samordningsmøte mellom aktuelle statlege styresmakter og Fylkesmannen, der innhald i motsegnspunkta og forankringa av desse vert diskutert. Deretter vert kommunen invitert til et dialogmøte. Dialogmøtet er valfritt. Dersom kommunen ønskjer denne utvida dialogen, vert det sendt ut ein samordna uttale i etterkant. Av denne uttalen vil det gå fram kva for motsegner som faktisk blir fremja, eventuelt er avskorne eller vert rekna som uaktuelle etter at ein utvida dialog med kommunen som planstyresmakt er gjennomført.

I denne saka har det ikkje kome inn motsegner frå andre statsetatar enn Fylkesmannen. Statens vegvesen har likevel i uttalen sin av 11.2.16. opplyst at dei ser ein del manglar ved planen og at dei ønskjer ein dialog med kommunen om desse. Fylkesmannen rår til at desse merknadane vert følgde opp. Vidare har Hordaland fylkeskommune (HFK) uttale av 22.2.16. varsla at det er aktuelt å fremje motsegn til deler av planen. Andre deler vert rådde ifrå. Av omsyn til å få raskast mogeleg framdrift i saka, samt at det er stort samsvar i aktuelle motsegnspunkt, vart det difor semje om å kome kommunen sitt ønskje om eit felles dialogmøte.

## Dialogmøte med kommunen

Møtet vart halde den 13.4.2016.

Frå Eidfjord kommune møte:

- Anved Johan Tveit, ordførar.
- Aud Opheim Lygre, Rådmann.
- Geir Underhaug, assisterande rådmann.
- Gunnar Elnan, einingsleiar areal og miljø.

Frå Hordaland fylkeskommune:

- Beate Husa, utvalsleiar KIRU.
- Kjell Håland, nestleiar KIRU.
- Eva Katrine Ritland Taule, kst. plansjef.
- Liv Sundheim, sakshandsamar.

Frå Fylkesmannen:

- Lars Sponheim, fylkesmann.
- Kjell Kvingedal, fylkesmiljøvernsjef.
- Egil Hauge, prosjektleiar.

### Tema som vart drøfta på møtet

Lars Sponheim ønska velkommen. Eidfjord kommune orienterte om korleis ein som planstyresmakt har arbeidd vidare med planen i etterkant av synfaringane med HFK og Fylkesmannen, 18.mars og 1.april.

Kommunen gav uttrykk for at ein er svært interessert i å finna ei løysing for å få godkjend kommunedelplanen for Sysendalen. Det vart opplyst at ein vil vurdere å redusere arealet som er i konflikt med Regional Plan for Hardangervidda. Bygningen knytt til toppunktet på den austre heisen vil også verta vurdert teken ut. Dei planlagde aktivitetane knytte til denne vert føreslege flytta ned til området med leilegheiter.

HFK orienterte om innhaldet i den administrative innstillinga. Spørsmålet om motsegn må avgjerast politisk, men generelt er HFK oppteken av å få til vidare utvikling i området, samstundes med at den regionale planen for Hardangervidda ikkje må miste si kraft som styringsverktøy. Etter det ein kjenner til er KDP for Sysendalen første større plan i dei aktuelle fylka, som vert fremja med større motstrid mot gjeldande regionale plan.

Fylkesmannen sine merknader vart gjennomgått. Den regionale planen òg er meint å gje føresetnader for korleis statlege styresmakter skal medverke i planlegginga og at den set klåre rammer for kva statlege interesser som må takast omsyn til. Elles er Fylkesmannen og oppteken av at det skal kunne skje ei vidare utvikling i Sysendalen og ser at området kan ha eit til no unytta potensiale for meir konsentrert reiselivsutvikling. Etter ei nøye vurdering av forslaget til kommuneplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing, finn ein likevel at planen har for store negative verknader, særleg for naturmangfald. Dersom det skal skje endringar i det nasjonale villreinområdet, slik det er fastsett i regional plan, må det ev. skje etter i samla utgreiing og vurdering, knytt til ein revisjon av planen.

## **Konklusjon**

Fylkesmannen har funne det naudsynt å fremje **motsegn** til framlegg til kommunedelplan for Sysendalen. Vi vurderer at planframlegget har ein del manglar, slik det er gjort greie for i vurderinga ovanfor. Når det gjeld arealbruk/ nye arealføremål, meiner Fylkesmannen at områda som er sette av til idrettsføremål (skianlegg) ikkje kan akseptrast slik dei er vist, ut frå omsynet til villreininteressene. Som eit minimum, må området aust for Drøllstølsbekken takast ut, for at Fylkesmannen skal vurdere å trekke motsegna.

Motsegna inneber at Eidfjord kommune ikkje kan vedta planen slik han no ligg føre. Vi ser difor i møte eit endra planframlegg, der Fylkesmannen og andre høyringspartar sine merknader og motsegnspunkt vert vurdert og teke omsyn til. All den tid kommunen allereie har signalisert at det kan vere aktuelt med justeringar av planen, vil vi vere opne for ein vidare dialog. Skulle Eidfjord kommune likevel kome til at ein vil ta planen opp til endeleg hand-saming slik han ligg føre, vil alternativet vere å be om formell mekling, jf. pbl. § 5-6.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Egil Hauge  
prosjektleder

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen - Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger